



St.prp. nr. 62

(2002–2003)

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 9. mai 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 vart vedlegg XIII (Transport) til EØS-avtala endra slik at kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 av 13. juni 2002 om sjuande tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsforordning (EØF) nr. 3821/85 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport vart innlemma i EØS-avtala.

Avgjerda i EØS-komiteen vart teken med atterhald for samtykke frå Stortinget, ettersom gjennomføringa i norsk rett gjer det naudsynt med lovendring, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala. Stortinget vert gjennom denne proposisjonen oppmoda om å gje samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen.

Avgjerda i EØS-komiteen og kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om forordninga

Forordning 1360/2002 høyrer nært saman med forordning (EF) nr. 2135/98 om endring av forordning 3821/85/EF om bruk av fartsskrivar innan vegtransport. I avgjerd i EØS-komiteen nr. 55/1999 vart det vedteke at forordning (EF) nr. 2135/98 skulle takast inn i EØS-avtala.

Den digitale fartsskrivaren vart introdusert ved forordning (EF) nr. 2135/98. Dei nærmare tekniske detaljane for fartsskrivaren og fartsskrivarkorta vart utsette pga. usemje, og vart seinare lagde fram i forordning (EF) nr. 1360/2002.

Fartsskrivaren skal vere samansett av ei datamaskin som gjer det mogleg å lagre ulike typar opplysningar, så som farten til køyretøyet, tilbakelegd avstand, tidsopplysningar og overvaking av føraraktivitetar. Han vil òg gje høve til manuell innlesing frå føraren, og til varsling når det oppstår feil. Opplysningar om ein føraraktivitet kan lagrast både i fartsskrivaren og sjåførkortet. Fartsskrivarkorta vil vere av typen minnekort, dvs. at dei vil vere utstyrde med ei elektronisk eining som kan lagre ulike data. Etter forordning (EF) nr. 2135/98 har medlemsstatane ansvaret for å utferde fire

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport

fartsskrivarkort: sjåførkort, føretakskort, verkstad-kort/installatørkort og kontrollkort.

Etter forordning (EF) nr. 2135/98 skal køyre-tøy som vert tekne i bruk første gongen meir enn 24 månader etter at det tekniske vedlegget (dvs. forordning (EF) nr. 1360/2002) er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, vere utstyrde med digital fartsskrivar i samsvar med dei tekniske krava i forordning (EF) nr. 1360/2002. I tillegg skal medlemsstatane 21 månader etter kunngjerin-ga vere i stand til å utferde digitale fartsskrivar-kort. Forordninga vart kunngjort 5. august 2002.

Innføringa av ein ny digital fartsskrivar er meint å skulle gjere kontrollen av køyre- og kviletider enklare og mindre tidkrevjande. Det at regel-verket vert enklare å kontrollere, vil truleg gjere det mindre attraktivt å bryte reglane. Ein reknar at auka etterleving av køyre- og kviletidsreglane vil gje samfunnmessige vinstar i form av betre trafikktryggleik og auka konkurranselikskap mellom transportføretak.

3 Avgjerda i EØS-komiteen

Etter avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 skal vedlegg XIII (Transport) til EØS-avtala endrast.

Artikkel 1 slår fast at det i nr. 21 (rådsforordning (EØF) nr. 3821/85) i vedlegg XIII til avtala vert gjort følgjande endringar:

1. Nytt strekpunkt skal lyde:

«– **32 002 R 1360**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 av 13. juni 2002 (EFT L 207 av 5.8.2002, s. 1).»

2. Tilpassing a), b) og c) skal lyde:

«a. I artikkel 2 nr. 1 skal nytt strekpunkt lyde:

«– Nasjonalitetsnummeret «16» tilføyes for Norge.»

b. I kapittel IV vert følgjande lagt til i tabellen i nr. 172:

IS	Öku-mannskort	Eftirlitskort	Verkstædis-kort	Fyrirtækis-kort
NO	Sjåfør-kort	Kon-troll-kort	Verksted-kort	Foretaks-kort
			Verkstad-kort	Føretak-skort

c) I kapittel IV vert følgjande lagt til sist i lista i nr. 174:

«nasjonalitetsbokstaven(e) til EFTA-staten som har utstedt kortet, trykt i svart omgitt av en svart ellipse. Nasjonalitetsbokstavene skal være som følger:

FL Liechtenstein

IS Island

N Norge.»

Artikkel 2 slår fast at teksta til forordning (EF) nr. 1360/2002 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal vere gyldig.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen tek til å gjelde 15. mars 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Artikkel 4 slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Etter artikkel 103 nr. 1 skal EFTA-statane innan seks månader frå det tidspunktet då avgjerda vart teken (14. mars 2003), melde frå til dei andre EØS-statane at dei forfatningsrettslege krava er stetta, det vil for Noreg sin del seie at Stortinget sitt samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen er innhenta.

4 Tilhøvet til norsk rett

Gjennomføringa av forordning (EF) nr. 1360/2002 i norsk rett gjer det naudsynt med ei endring i lov av 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk for å få heimel til å krevje gebyr for utferding av alle fartsskrivar-korta, bortsett frå kontrollkort.

Gjennomføringa av forordninga vil òg gjere det naudsynt med ei endring i forskrift av 28. september 1993 nr. 910 om køyre- og kviletid m.v. ved innanlands transport og transport innan EØS-området (vegtransport).

Samferdselsdepartementet vil i haustsesjonen 2003 fremje ein eigen Ot.prp. med framlegg til lov-endring.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Utferdinga av fartsskrivarkort vil føre til kostnader for det offentlege. Det er usikkert kor høg produksjonskostnaden per kort vil verte, noko som m.a. vil vere avhengig av graden av personalisering av korta. Kostnadene for korta vil truleg verte høgare enn for førarkort, og kan kome opp mot kr. 1 000,- per kort. Det framlegget til lovendring som skal gjerast, vil gje heimel for å krevje gebyr for utferding av alle korta, bortsett frå kontrollkort.

I startfasen vil det offentlege få utgifter til førebuing av kortproduksjon og til opplæring av kontrollørar og dei som skal drifte systemet ved trafikkstasjonane. Det vil kome på driftsutgifter m.a. i samband med utferding av kort, og det må òg utviklast eit dataforvaltningssystem for utferda kort.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport

Utgiftene til kontrollkort vil vere ei kontinuerleg utgift for staten. Kontrollstyresmaktene vil truleg måtte kjøpe inn handterminalar for kontroll av fartsskrivarane. Førabels er det ikkje mogleg å seie noko eksakt om storleiken på desse kostnadene. Det ligg førabels til rette for at desse utgiftene skal dekkjast innanfor det ordinære budsjettet til Samferdselsdepartementet.

For eigarar av køyretøy som vert registrerte første gongen 24 månader etter kunngjeringa, og av køyretøy som byter fartsskrivar etter datoen då forordninga tek til å gjelde, og som er omfatta av reglane, vil kostnadene ha samanheng med prisen på fartsskrivaren og på montasje.

Kostnadene for eigarar av køyretøy som har både analoge og digitale fartsskrivarar, vil auke jamført med i dag, både når det gjeld innkjøp av det utstyret som er naudsynt, og forvaltning av begge systema. I tillegg kjem kostnader i samband med periodisk ettersyn av fartsskrivaren hos installatør/verkstad, ettersom forordning (EF) nr. 1360/2002 stiller krav om at fartsskrivaren skal ha eit periodisk ettersyn minst éin gong innanfor to år. Dette kravet svarar til det som gjeld for analoge fartsskrivarar.

For verkstadene som skal arbeide med den nye digitale fartsskrivaren, vil det kome på kostnader ved nyskaffing av utstyr som er kompatibelt med denne fartsskrivaren.

6 Konklusjon og tilråding

Samferdselsdepartementet tilrår at Noreg godkjenner avgjerda i EØS-komiteen om endring av vedlegg XIII (Transport) til EØS-avtala om innlemming av kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 av 13. juni 2002 om sjuande tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsforordning (EØF) nr. 3821/85 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport

I
Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2003 av 14. mars 2003

om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 1360/2002 om bruk av fartsskrivar innan vegtransport.

Vedlegg 1**EØS-komiteens beslutning nr. 33/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport)**

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens vedlegg XIII er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 13/2003 av 31. januar 2003¹.
2. Kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 av 13. juni 2002 om sjuende tilpasning til den tekniske utvikling av rådsforordning (EØF) nr. 3821/85 om bruk av fartsskriver innen vei-transport² skal innlemmes i avtalen –

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens vedlegg XIII nr. 21 (rådsforordning (EØF) nr. 3821/85) gjøres følgende endringer:

1. Nytt strekpunkt skal lyde:

«– **32 002 R 1360**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 1360/2002 av 13. juni 2002 (EFT L 207 av 5.8.2002, s. 1).»
2. Tilpassing a), b) og c) skal lyde:

«a. I artikkel 2 nr. 1 skal nytt strekpunkt lyde:

«– Nasjonalitetsnummeret «16» tilføyes for Norge.»

b. I kapittel IV vert følgjande lagt til i tabellen i nr. 172:

IS	Öku- manns- kort	Eftirlits- kort	Verkstædis- kort	Fyrirtækis- kort
NO	Sjåfør- kort	Kon- troll- kort	Verksted- kort Verkstad- kort	Foretaks- kort Foretak- skort

- c) I kapittel IV vert følgjande lagt til sist i lista i nr. 174:

«nasjonalitetsbokstaven(e) til EFTA-staten som har utstedt kortet, trykt i svart omgitt av en svart ellipse. Nasjonalitetsbokstavene skal være som følger:

FL Liechtenstein

IS Island

N Norge».

Artikkel 2

Teksten til forordning (EF) nr. 1360/2002 på islandsk og norsk, som vil bli kunngjort i EØS-tillegget til *Den Europeiske Unions Tidende*, skal gis gyldighet.

Artikkel 3

Denne beslutning trer i kraft 15. mars 2003, forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1³.

Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den Europeiske Unions Tidende*.

Utferdiget i Brussel, 14. mars 2003.

For EØS-komiteen

Formann

P. Westerlund

EØS-komiteens sekretærer

P.K. Mannes

M. Brinkmann

¹ Ennå ikke kunngjort.

² EFT L 207 av 5.8.2002, s. 1.

³ Forfatningsrettslige krav angitt.

